

KM 13/25 Nynorsk omsetjing av Den apostoliske truvedkjenninga

Samandrag av saksorienteringa

Denne saka handlar den nynorske omsetjinga av den fyrste setninga i fyrste trusartikkel i den apostoliske truvedkjenninga (Apostolicum). På nynorsk heiter det i dag: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord». I bokmålsversjonen heiter det «Jeg tror på Gud Fader, den allmektige, himmelens og jordens skaper».

Bokmålsforma omtalar Gud som ein aktiv skapar, ikkje berre i fortida, men ein som held fram med å skape. Formuleringa «som skapte» i nynorskomsetjinga framhevar ikkje Gud som aktiv skapar på same måten. Enkelte meiner at den forma og kan gje intrykk av at Gud har trekt seg attende etter at himmel og jord vart til.

I arbeidet med saka er Språkrådet og Nemnd for gudstenesteliv (NFG) konsultert og dei har gitt sine tilrådingar. Dette sakspapiret gjer greie for bakgrunn for saka, truvedkjenninga si historie og teologiske, språklege og liturgiske refleksjonar. Til slutt vert Bispemøtet si tilråding til Kyrkjemøtet presentert.

Komitéens merknader

Komitéen legg saksorienteringa til grunn.

Komitéen har følgjande merknader:

1. Ein samla komité stiller seg bak Kyrkjerådet si innstilling, og meiner at ein skal gjere denne endringa no.
Komiteen meiner forslaget har ei god teologisk grunngjeving. Eit oppfatta avvik i teologisk vektlegging mellom målformene er ikkje ynskjeleg.

Språkleg kan både forslaget til endring og den noverande nynorskomsetjinga av den latinske vedkjenningsteksten forsvareast. Men komitéen meiner at den nye omsetjinga betre tek vare på den teologiske meiningsfyllden.

2. Dersom kyrkja skal gjere endringar i truvedkjenninga, må fordelene vere klart større enn eventuelle ulemper. Komitéen har drøfta utfordringane ved å gjere ei slik

endring. Truvedkjenninga er ein del av læregrunnlaget til Den norske kyrkja og har ein viktig plass i gudstenesta.

Frå 2011 har Kyrkjemøtet vedteke fleire endringar i kyrkja sine liturgiar. Dei som kunne dei gamle tekstane utanboks, kan kjenne seg framandgjorde i møtet med alt det nye. Frå ein pedagogisk synsvinkel kan ein halde fram at noko går tapt for den einskilde og for fellesskapen når ein må avlære noko og lære noko anna. Komitéen vil samstundes peike på at endringar kan skapa nyttig ettertanke og fornya interesse for ein kjend tekst.

Komitéen sitt syn er at den framlagte endringa av teologiske omsyn er så viktig at ho bør gjerast no. Dei praktiske fylgjene av ei endring er ikkje store, heller ikkje om vedkjenninga skal syngast, men komitéen legg til grunn at ei språkleg endring også vert følgt opp musikalsk.

3. Komitéen har også hatt ein samtale om språket i begge truvedkjenningane som vert nytta i gudstenestene. Det ligg til bispemøtet sitt læreansvar å vurdere behovet for ein prosess knytt til dette.

Forslag til vedtak

Komiteen tilrår at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak:

Kyrkjemøtet endrar nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga til:
«Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, skapar av himmel og jord.»

Innstilling 1 fra komité A

.....
komitéleder

.....
saksordfører